

Referat fra styremøte torsdag 3. mars 2016**Tid:** 10:00-14:15**Stad:** Møterommet, PFI**Tilstade:** Gry Eva Alterskjær, Hans Engenes, Ellen Grav Ellingsen (frå 12:15), Hege Charlotte Faber, Linda Fredriksen (til 12.55), Gunnhild Furnes, Knut Ole Lysø, Kristian Steinnes**Forfall:** Ingerid Arbo, Bjørn Holmedal, Siri Øyslebø Sørensen**Referent:** Dagrun Astrid Aarø Engen

Sak 23/16 Godkjenning av innkalling til møtet og av referat frå styremøtet 16. februar

Innkalling godkjent utan kommentarar. Referatet er allereie godkjent via e-post og lagt ut på heimesida.

Sak 24/16 Førebuing av årsmøtet 15. mars. Gjennomgang av saklista, inkludert to saker meldt inn av einskildmedlemmar.

Gry gjorde greie for arbeidet med teknisk løysing for å gjennomføre møtet med videooverføring mellom Trondheim, Ålesund og Gjøvik.

Innmeldt sak: Løn til dosentar

Styret si innstilling til Årsmøtet: "*Vi vil jobbe for at ulike stillingskoder som er normert til samme avlønning skal avlønnes likt, for eksempel førstelektor og førsteamanuensis, dosent og professor.*"

Innmeldt sak: Oppnemning av organisasjonsutval

Saka blei grundig drøfta. Det vart klargjort at det ligg til Styret sitt mandat å opprette denne typen utval og leggje opp til arbeids- og medverknadsprosessar i lokallaget. Gjennom arbeidsprogrammet set Årsmøtet som øvste organ rammer og retning for arbeidet til Styret.

Styret si innstilling til Årsmøtet: "*Innholdet i forslaget er dekket gjennom styrets forslag til arbeidsprogram, og styret vil legge opp til en bred involvering i prosessen. Forslaget anbefales derfor avvist.*"

Sak 25/16 Oppdatering frå klubbleiarane og hovudtillitsvalt om pågåande arbeid og aktuelle utfordringar

Hovudpunkta frå oppdateringsrunden:

- Tilsette ved NTNU – både administrative og faglege – fortel om aukande usikkerhet og frustrasjon knytt til fusjonsprosessen. Også leiarar på ulike nivå melder om varierande oppleving av å ha medverknad innanfor sine område, samt at det er uklart kva for oppgåver og roller dei skal ha framover.
- Gjøvik og Ålesund opplever no eit press på dei fagmiljøa som er etablerte ved dei tidlegare høgskulane. Fleire fagmiljø her er tverrfagleg samansett mellom anna på grunn av tverrfaglege studieprogram. Fleire av desse vert foreslått splitta.
- Fagmiljø og einingar i organisasjonen opplever å bli overstyrte frå leiinga i prosessen knytt til fagleg organisering, spesielt på instituttnivå.
- Tilsette og tillitsvalte ønskjer ein stad der all informasjon om prosessar knytt til fusjonen er samla. I og med at fusjonsprosjektet er avvikla, har prosessar og beslutningar blitt meir uoversiktlege.
- Farten på beslutningsprosessar har auka dramatisk frå i fjar. I tillegg kjem saker opp, og det skjer fleire avgjerder utanfor medbestemmingsorgana. Fleire saker kjem ikkje til SESAM.
- Punktet over, samt korte fristar for å setje seg inn i informasjon frå arbeidsgjevar, gjer det til ei stor utfordring å oppretthalde kvaliteten på medbestemming for tillitsvalte.

Sak 26/16 Invitasjon til innspel til stortingsmeldinga om humaniora (frist: 8. april)

Hege orienterte om høyringa, og lokallaget sitt høve til å gje innspel vart drøfta.

Det vart avgjort at Hege tek kontakt med LOSAM-representantane ved HF, og ber dei om å ta ansvar for å forfatte eit innspel. Frist for å sende innspelet til styret er 30. mars 2016.

Sak 27/16 Invitasjon til innspel til stortingsmeldinga om kvalitet i høgare utdanning (frist: 6. mai)

På grunn av knapp tid i møtet blir denne saka utsett til neste styremøte.

Sak 28/16 SESAM- og styresaker

NTNUs styresaker vart ikkje sendt til tillitsvalte før same dag som styremøtet, og kunne difor ikkje inkluderast i noko orientering til Styret.

I SESAM er kunngjeringsstoppen ei aktuell sak. Gry orienterte om hovudpunkta knytt til dette.

Fleire av dei aktuelle utfordringane som klubbleiarane tok opp under sak 25/16 er aktuelle for Forsker forbundet å ta opp i SESAM.

Kostnadskutt-vedtaket er ei anna sak Forsker forbundet vurderer å ta opp. Ålesund og fleire fakultet har allereie teke innsparingskutta i 2015, og det er samstundes fleire uklare aspekt knytt til denne saka.

Sak 29/16 Merittering av undervisning v/ Gunnar Grepperud

Gunnar Grepperud , professor ved UiT Norges arktiske universitet, har sitte som leiar for arbeidsgruppa for NTNU og UiT som har hatt som oppgåve å vurdere og komme med forslag til etablering av eit meritteringssystem for undervisning ved dei to institusjonane. Gruppa leverte i februar i år den avsluttande rapporten for sitt arbeid: "Innsats for kvalitet. Forstag til et meritteringssystem for undervisning ved NTNU og UiT Norges arktiske universitet". Grepperud heldt ei videooverført (via Lync) innleiing for Styret, etterføgt av spørsmål og samtale.

Sak 30/16 Styreseminar i Nice. Planlegging og informasjon.

Datoar for styreseminaret er 4.-7. april. Gry sender ut e-post med førespurnad om de har høve til å bli med, samt tidspunkt for reise. Gry og Kristian jobbar med ulike delar av programmet. Det blir lagt opp til at LOSAM-representantar deltek dei to siste dagane, samt eit universitet.

- Eventuelt

Under eventuelt blei det meldt inn to saker:

- Ny tillitsvaltsamling for arbeidstakarorganisasjonane ved NTNU (kom opp under sak 25).
 - Oppdatering kvar veke mellom dei tillitsvalte i FF.
- Det vart ikkje tid i møtet til å handsame desse sakene, og dei blir teke opp på neste møte.